



Hanne frå Bømlo (til høgre) og Ella Helen frå Stord fekk ei varm mottaking i Dønhaugkjedlaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Magne Huglen legg vekt på å presentera ulike typer musikk, sjølv om ikkje alt er garantert å gje like stor pluss i kassa. Det understreka han til dømes på fredagskvelden då jenteduoen "List" utfalda seg i Dønhaugkjedlaren.**

Sist var det irskinspirert musikk med hæla i taket i eit overfylt lokale, denne gongen var kvelden prega av meir stillferdige og inderlege låtar. Og denne gongen var alt som vart presentert skreve av artistane sjølve. Den som leiter etter musikalsk hermetikk i repertoaret til Hanne Bergheim og Ella Helen Bukkhøy gjer det forgjeves. Dei lagar både tekstar og melodiar.

Og ikkje berre det – i dei siste månadene har låtskrivar Hanne i stor grad satsa på norske tekstar. – Eg merkar at eg står friare og får uttrykt meir på mitt eige språk enn ved å nytta engelsk. Og responsen frå publikum er også større, sa Hanne til uskedalen.no i ei pause i Dønhaug-konserten. Dei lovar eit solid innslag av norske tekstar i si nye plate, som truleg kjem til jul. Den første plata deira, med fem låtar, kom så seint som i februar i år. Den neste kjem truleg til å innehalda så mange som 10 låtar.

Jentene er berre 21 år gamle og duoen er relativt fersk. Likevel har jentene markert seg skikkeleg, ikkje minst etter at dei sist haust starta samarbeidet med Asle Dahl på Stord. Hanne er frå Bømlo og Ella Helen frå Stord og begge studerer i Bergen.

Medan Hanne er låtskrivar, syng og spelar gitar trakterer Ella Helen fela sog syng. Felespelar har ho forresten vore heilt sidan seksårsalderen og fela gjev songane ein var, ekstra dimensjon. Røystene til jentene (alt og sopran) står godt til kvarandre og songane har ein budskap. Det er ikkje til å undrast over at dei altfor få som var i Dønhaugkjedlaren gav uttrykk for at duoen stoppa konserten altfor tidleg.

Men 18. april startar Huglen låvesesongen og då lovar han fullt hus sjølv om billettsalget for "Vassendgutane" har vore litt tregare i år enn i fjor.

Av Ola Matti Mathisen